



REFERAT/NOTAT - KOMMUNEREFORM

Møte på Helsehuset i Hornindal

14.09.2017 kl. 12.30

Til stades:

Rune Sjurgard Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland Rådmann

Asbjørn Moltudal Ass. rådmann Volda

Hovudtillitsvalt Delta Hornindal, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalt Fagforbundet Volda, Oddbjørg Yksnøy Rangseter

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven (referent)

Agenda:

Aktivitet 1. Oppsummering frå Asbjørn etter prosjektleiarsamlinga i Valldal 1. september	Ansvarleg oppfølging
<p>Asbjørn opplevde samlinga som at det ikkje var så veldig mykje nytt som kom fram, men samtidig var det greitt å få ei stadfesting på at det Hornindal/Volda har gjort så langt er bra.</p> <p>Prosjektleder i samanslåinga mellom Holmestrand, Sande og Hof ville gjerne invitere Volda til erfaringsutveksling med alt av materiale som kan vere nyttig for vidare prosess.</p> <p>Kritiske faktorar som kom fram under prosjektleiarsamlinga var spørsmålet om kapasitet. Eit anna moment som vart diskutert under samlinga var prosjektgruppa si organisering. Volda har ein fordel med at begge rådmennene er med i prosjektgruppa.</p>	

Aktivitet 2. Prioritering av aktivitetar/tiltak fram til neste møte i styringsgruppa og utover hausten	Ansvarleg oppfølging
<p>Å få på plass ressursar på arkiv og IKT så raskt som mogleg vert sett på som svært viktig. Styringsgruppa håper at dette kan vere på plass innan februar.</p> <p>Knytt til dette arbeidet, kan «Nye Volda» kanskje plukke ut eitt eller to område innanfor digitalisering der kommunen skal bli betre enn dei andre kommunane.</p>	RS/personalsjef IKT-ressurs + JR

<p>Eit anna tiltak er å sjå på organisasjonsstrukturen (SWOT) i Volda og Hornindal. Prosjektleiaren har eit ønskje om å ha ein prosess på dette, mellom anna for å finne verdiar i den nye organisasjonen. Måtar å løyse på dette kan vere 2-3 store samlingar med breie grupper, eit godt opplegg med mykje informasjon mellom møta og opne møta der alle kan kome med synspunkt. Prosjektleiaren skal prøve å få til møte med personalsjefane for å diskutere opplegg.</p>	RS/personalsjefar
--	-------------------

Aktivitet 3. ROS-analyse	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosjektleiaren trur det vil vere eit fornuftig tiltak å gjennomføre ei ROS-analyse for å kva som potensielt kan gå galt. Aktuelle grupper er ordførarane, leiargruppene, stab/støtte og frivilligsentralane.</p> <p>Etter litt drøfting vart det foreslått å gjennomføre ei slik analyse gjennom elektroniske kanalar utover hausten, på grunn av at mange er pressa på tid og kapasitet utover hausten. Ass. rådmann i Volda og kommunikasjonsrådgjevar fekk ansvar for å lage eit forslag til opplegg innan neste møte 13. oktober.</p>	JR/AM

Aktivitet 4. Avtaler og interkommunale samarbeid – korleis tek vi tak i dette framover?	Ansvarleg oppfølging
<p>I samsvar med samlinga ass. rådmann i Volda deltok på 1. september, er det visse reglar som ein må rette seg etter med tanke på avtalar. Eit døme er at avtalar frå den største kommunen potensielt kan vidareførast og implementerast i den andre kommunen. Dette kan spare den nye kommunen store pengesummar som kan brukast på andre område.</p> <p>Ass. rådmann var samstundes svært tydeleg på at avtalar som den nye kommunen inngår skal vere ei samstemt avgjersle, slik at det ikkje opplevast som at Volda køyrer over dei avtaleforholda som Hornindal kommune har i dag.</p> <p>Eit viktig forarbeid er å skaffe ei oversikt over alle avtalar dei to kommunane har. Prosjektleiaren føler at dette arbeidet har kome veldig langt per dags dato.</p>	Styringsgruppa

Aktivitet 5. Dialog i budsjettprosessen, jfr fellesnemnda skal gi uttale til budsjettforslaga i dei «gamle kommunane»	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosjektleiaren orienterte kort om at Fellesnemnda skal gi uttale til formannskapa sine budsjett. Denne uttalen skal etter tidsplanen bli gitt i november 2017.</p>	Fellesnemnda

Aktivitet 6. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<p>1. Omstillingsavtale: Mykje av ansvar ligg på personalsjefar. Prosjektleiar vil be personalsjefane om å kome med innspel til omstillingsavtale innan møtet i styringsgruppemøte 13. oktober.</p> <p>Kommunikasjonsrådgjevar vart bedd om å lage ein samlerapport frå kartleggingsrapportane som kan leggjast ut på nyevolda.no.</p> <p>2. Hovudverneombod: Styringsgruppa drøfta om hovudverneombodet bør bli kopla inn i Styringsgruppa, anten som fast medlem eller i saker relaterte til arbeidsmiljø. Hovudverneombodet kan også bli kopla meir inn mot Partsamansett Utval, som vil vere ein aktuell instans.</p> <p>3. Bjørke: Det opplevast at det er ulike tolkingar av prosessen rundt ei eventuell grensejustering. Etter inndelingslova er det nok at éin person eller næringsdrivande i den aktuelle krinsen krev utgreiing om grensejustering. På bakgrunn av dette følte Volda kommune det vanskeleg å vere med på samledokumentet om eit verbalt faktagrunnlag som skal liggje til grunn før folkemøtet på Bjørke 27. september.</p> <p>4. Sekretærressursar: Administrasjonen i Volda kommune etterlyste litt klarare ansvarsfordeling mellom administrasjon og utval med eigne sekretærressursar. Konklusjonen på dette var at kommunikasjonsrådgjevar og Sonja Håvik finn ei elektronisk løysing som kan lette arbeidet for begge partar.</p>	<p>1. Personalsjefar + JR</p> <p>4. JR/Sonja Håvik</p>
5. Personvernombod	Ansvarleg for oppfølging
<p>EU-forordning som vert iverksett 25. mai stiller krav til oppfølging av personvern internt i kommunane og som utøvande oppfølging overfor innbyggjarar og andre som vil krevje innsyn om personsensitive data som kommunane handsamar overfor dei. Denne funksjonen vert lagt til arkiv og løyst gjennom styrka bemanning i kommunesamanslåingsprosjektet.</p>	<p>Servicesjefen i Volda kommune</p>

Møtet slutt kl. 13.52

Grodås, 14.09 2017



Joakim Rødven
 Kommunikasjonsrådgjevar
 Samfunn og Rådgjeving
 Tlf 482 29 993
www.volda.kommune.no